



# Årsrapport



God Helse partnerskapet 2019



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## INNLEIING

Årsrapporten for God Helse-partnerskapet presenterer eksempel frå mangfaldet av folkehelsearbeid i Møre og Romsdal i 2019. Mykje godt arbeid blir utført i kommunane på tvers av sektorar og fagområde, og i regi av dei to friluftsråda og idrettskretsen.

God Helse-partnerskapet og gjeldande partneravtale er evaluert. Evalueringa starta opp i 2018, og vart sluttført våren 2019. Møreforsking hadde oppdraget. Evalueringa og tilråding om vidare vegval vart lagt fram for kultur- og folkehelseutvalet i juni 2019 (KF-38/19). Hausten 2019 vart det arbeidd vidare med ny avtaletekst i samarbeid med kommunane, og ein ny samarbeidsavtale er sendt kommunane for signering våren 2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune vart i 2019 tatt opp som programfylke i Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2017. Programsatsinga i fylket har fått tittelen "Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal". Satsinga skal bidra til å styrke kommunane sitt langsiktige og systematiske folkehelsearbeid. Programmet skal særleg bidra til å integrere psykisk helse som ein del av det lokale folkehelsearbeidet og fremme lokalt rusførebyggjande arbeid. Barn og unge skal vere ei prioritert målgruppe. To kommunar vart tatt opp i programmet i 2019. Målet er fleire nye programkommunar i 2020.

Møre og Romsdal har i åra 2015-2018 vore med i det nasjonale prosjektet om Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse (Nærmiljøprosjektet). I 2019 vart gjennomført ei regional evaluering av prosjektet og laga eit eige erfaringshefte for dei deltakande kommunane frå fylket. Den nasjonale evalueringa av prosjektet vart lagt fram hausten 2019, og er utført av forskarar ved Høgskulen i Volda. Funna viser at tryggleik, trivsel og tilgjenge er sentrale påverknadsfaktorar for helsa, slik folk sjølve ser det.

Morotur har kome i ny utgåve. Det er no enklare å registrere nye turar, og kommunane har fått betre tilgang til å redigere i datasettet. Slik kan fylkeskommunen, kommunane og frivillige betre samarbeide om å utvikle eit godt datasett for moglegheitene for friluftslivsaktivitet i fylket.

Vi takkar for godt samarbeid i 2019, og ser fram til inngåing av nye Samarbeidsavtalar om God Helse i 2020. Samarbeid om å nå felles mål er viktig i folkehelsearbeidet og er i tråd med FN sitt berekraftsmål 17.

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
Kulturdirektør





# Møre og Romsdal fylkeskommune

**E-post:**

post@mrfylke.no

**Telefon:**

71 28 00 00



Marit Nerås Krogsæter, leiar i kultur-, næring- og folkehelseutvalet.

Foto: Rigmor Hustad Holen

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk innvilga tilskot med NOK 2,4 mill. frå Helsedirektoratet til "Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal".

Med dette er også Møre og Romsdal programfylke i Program for folkehelsearbeid i kommunene (Folkehelseprogrammet). Det overordna målet med programmet er betre psykisk helse og livskvalitet i befolkninga. Barn og unge er ei prioritert målgruppe. To kommunar i fylket søkte og vart tatt opp i programmet i 2019; Gjemnes og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk innvilga tilskot til Fiskesprellkurs på 250.000 kroner for barnehageåret 2018/2019. Det er framleis stor interesse for kurs, og det vart halde 20 kurs med totalt 376 deltakarar på kursa.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Prosjektet Omstilling 2020 set mellom anna fokus på arbeidsmiljøutvikling og systematisk HMS-arbeid. I dette arbeidet skal det utviklast ein kunnskapsbasert verksemdstrategi, som skal bidra til å ivareta eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø ut frå både enkeltvis og samla vurdering av alle faktorar i arbeidsmiljøet som kan ha innverknad på arbeidstakarane si fysiske og psykiske helse og velferd. Det må difor vere eit fokus på å vidareutvikle eit heilskapleg arbeidsmiljø med fokus på førebygging av skadar og sjukdom, samt fremming av produktivitet, motivasjon og engasjement hos alle medarbeidarane i fylkeskommunen.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Heilt sidan Regjeringa kom med kvalitetsreforma «Leve heile livet», har eldrerådet i Møre og Romsdal fylkeskommune løfta problemstillingar innanfor reforma. Reforma skal bidra til at eldre kan meiste livet lenger. Ein ynskjer å skape eit meir aldersvennleg Noreg, og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene. Den årlege fylkeseldrekonferansen, som sist vart arrangert hausten 2019, hadde reforma som overordna tematikk.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Møre og Romsdal fylkeskommune har også i 2019 koordinert arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i kommunane. 10 kommunar har gjennomført kartlegginga, og 15 kommunar er i sluttfasen. Med kartlegginga på plass vil kommunane ha eit betre kunnskapsgrunnlag både i plansaker og enkeltsaker. Den vil også vere eit godt grunnlag for å planlegge utviklinga av friluftslivets ferdselsårar i kommunane, og gje oversikt over kva for område som bør utviklast og eventuelt sikrast.

Morotur har kome i ny utgåve. Det er no enklare å registrere nye turar, og kommunane har fått betre tilgang til å redigere i datasettet. Slik kan fylkeskommunen, kommunane og frivillige betre samarbeide om å utvikle eit godt datasett for moglegheitene for friluftslivsaktivitet i fylket.

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Jenteløftet har som mål å jobbe for at jenter skal spele fotball lengre og er eit prosjekt som er leia av dei to fotballkretsane i fylket. Prosjektet er i år 2 av 3, og fleire tiltak har blitt satt i gang. Prosjektet er godt synleg i fotballverden i fylket, og har og blitt lagt merke til nasjonalt. Undersøking om fritidsaktivitet hjå ungdom er ferdig gjennomført av Møre og Romsdal Idrettskrets og fylkeskommunen og har ei brei tilnærming til fråfall i fritidsaktivitetar generelt. Undersøkinga brukast inn i arbeidet i Jenteløftet for å forhindre fråfall i jentefotballen spesielt.

FrivilligFORUM vart arrangert 17. og 18. oktober i samarbeid med Frivillighet Norge som fylkeskommunen har avtale med. Her fekk fylkeskommunen innspel frå kommunane og frivilligheita til ny temaplan for frivillighet.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

God Helse-partnerskapet ble evaluert av Møreforskning i 2019. Arbeidet med ny innretning og ny avtale med kommunane vart arbeidd med hausten 2019. Kommunane har gitt innspel undervegs i prosessen. Ein ny avtale føreligg våren 2020 og har fått namnet Samarbeidsavtale om God Helse.

Nærmiljøet – dei næraste omgivnadene – er noko av det som tel mest for at folk skal trivast og ha god helse. Dei siste tre åra har 41 norske kommunar - gjennom innbyggarmedverknad - prøvd å finne ut kva faktorar som påverkar trivsel og livskvalitet, og kva tiltak som kan bidra til å fremje folkehelsa. Til saman åtte fylke har delteke i prosjektet, og Møre og Romsdal er ein av dei saman med seks kommunar. Forskarar ved Høgskulen i Volda har gjennomført nasjonal evaluering av Nærmiljøprosjektet, og det er laga eit eige erfaringshefte frå Nærmiljøprosjektet i Møre og Romsdal.

Det er utarbeidd to kunnskapsgrunnlag frå Møreforskning i 2019 knytt til toppidrettssatsing og utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Desse rapportane seier noko om korleis vi kan høvesvis styrke toppidrettssatsinga i fylket, med unge utøvarar i fokus. Og korleis vi skal prioritere anlegg som skapar mest mogleg aktivitet i åra framover i spelemidelfordelinga.

Det er oppretta eit breitt samansett Samarbeidsorgan og eiga FoU gruppe i samband med at vi er blitt programfylke i Folkehelseprogrammet. Samarbeidsorganet er leia av Marit Nerås Krogsæter som er leiar i kultur-, næring og folkehelseutvalet.

Gjennom FolkehelseForum møtast fylkeskommunen, Fylkesmannen og idrettskretsen jamleg til informasjonsutveksling og diskusjon omkring folkehelse tema.

# Møre og Romsdal idrettskrets

**Antall idrettslag**

474

**Vår visjon:**

"Idrettsglede for alle"

**Koordinator for folkehelse og fysisk aktivitet i 100% stilling:**

Ellen Cathrine Hammer

**E-post**

Ellen.Hammer@idrettsforbundet.no

**Telefon:**

408 77781



## 1 Samfunnsutvikling for en god start i livet

**Trygge rammer:**

Norges idrettsforbund og Møre og Romsdal idrettskrets jobber for at idretten skal være et trygt og godt sted for alle medlemmer. Som en viktig del av dette arbeidet skal alle som utfører oppgaver i norsk idrett, som innebærer et ansvars- eller tillitsforhold overfor mindreårige eller personer med utviklingshemming, fremvise politiattest (barneomsorgsattest). Norges idrettsforbund har også egne bestemmelser om barneidrett og i 2007 ble også idrettens barnerettigheter vedtatt. Idrettens barnerettigheter setter barnas behov i sentrum, og uttrykker de verdiene som skal ligge til grunn for barneidretten i Norge. Rettighetene baserer seg på FNs barnekonvensjon.

Møre og Romsdal idrettskrets arrangerer Aktivitetslederkurs barneidrett for idrettslag og det samme kurset tilrettelagt for elever som tar idrettsfag i videregående skoler i fylket. Vi arrangerer også ulike temakvelder med fokus på "trenerrollen" og "foreldrerollen".

**Ungdomsarbeid:**

I 2017 opprettet Møre og Romsdal idrettskrets et eget fylkesdekkende ungdomsutvalg. Dette erstattet ungdomsnettverket bestående av idrettsengasjert ungdom som kretsen hadde hatt siden 2015. Ungdomsutvalget har i 2018 og 2019 hatt til sammen 14 interne møter hvor man har diskutert ulike problemstillinger. Man har blant annet vært med for å vise frem ungdomsutvalget og fortalt om ungdoms muligheter på lederkurs for ungdom.

## 2 Helsevennlig arbeidsliv

**Aktiv på Dagtid:**

Aktiv på Dagtid er et tilbud om trening og fysisk aktivitet for mennesker mellom 18 og 67 år, som befinner seg i trygdesituasjon. Kommunene som står ansvarlig for tiltaket, men i noen kommuner bidrar idrettslag med aktivitet. Idrettslagene får da et tilskudd fra Møre og Romsdal fylkeskommune via idrettskretsen. I 2019 fikk 7 idrettslag i 4 ulike kommuner støtte til aktiviteten. Møre og Romsdal idrettskrets har en rådgivende rolle.

## 3 Samfunn som fremmer aktiv, frisk og trygg alderdom

**Den gylne spaserstokk:**

Den gylne spaserstokk er et trimtiltak for eldre som arrangeres av helselag, pensjonistforeninger og andre i samarbeid med de lokale bankene i fylket. Tiltaket har vist seg å være en positiv miljøfaktor ved siden av den helsemessige effekten som gå-trim gir. MARIK administrer ordningen ved utsending av merker, gå-kort, stokker og gå-staver etter bestilling.

#### 4 Trygt og helsefremmende fysisk miljø

Det fysiske miljøet er grunnleggende for helse, trivsel og livskvalitet for innbyggerne i Møre og Romsdal og planlegging er sentralt for å legge til rette for innbyggerne sin helse.

Arbeidet med spillemidler i Møre og Romsdal skjer i samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, MRIK, særkretser, Det Frivillige Skyttervesen, idrettsråd, idrettslag og kommuner. MRIK spiller en viktig rolle ved at den drifter Anleggsrådet. I samarbeid med idrettsråd og kommuner gjennomføres prosessmøter som involverer frivilligheten lokalt frem mot vedtatt kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. NIF har sin egen miljøstrategi gjeldende for hele norsk idrett.

#### 5 Inkludering og deltakelse i kultur og frivillig organisasjoner

Møre og Romsdal idrettskrets jobber for å få til gode tilbud som kan passe for alle.

Vi har i 2019 arrangert såkalt "Paraidrettsdag", som er oppfølgeren av tidligere "Grenseløs idrettsdag", temakvelder om paraidrett og temakveld om tilrettelegging av aktivitet for mennesker med skjulte funksjonsnedsettelse. Deltakere har vært trenere og ledere i idrettslag, ansatte i skole og SFO, fysioterapeuter, ergoterapeuter, vernepleie og idrettsfagstudenter.

MRIK har vært veiledere for studenter i Vernepleie og Sport Management over flere år og høsten 2019 hadde vi for første gang sykepleierstudenter i praksis.

#### 6 Organisering og samhandling, et kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Idrettskretsen har siden 2004 hatt et utvidet partnerskap om folkehelse med Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom God Helse programmet. Det innebærer at fylkeskommunen øremerker 20 % av årlig tilskudd til idrettskretsen til arbeid med fysisk aktivitet og folkehelse. Koordinator i idrettskretsen samarbeider med Møre og Romsdal fylkeskommune, seksjon folkehelse og fysisk aktivitet. Vedkommende er fast deltaker i "Folkehelseforum" som har månedlige møter, samt i arbeidet med Frisklivssentralene i fylket. Vedkommende er også frivillighetens representant i "Samarbeidsorganet" tilknyttet "Program for folkehelsearbeid 2017-2027".

#### 7 Økonomi som barriere for deltakelse

De siste to årene har idrettskretsen jobbet kontinuerlig for at det skal være mulig for flere å delta i idrett. I forbindelse med vårt 100 års jubileum i 2019 opprettet vi "AFFA fondet", et fond som skal gjøre det mulig for flere å være med. I desember 2019 fikk vi tilsagn på kr 500.000 fra Gjensidigestiftelsen. Pengene skal gå til et spleiselag mellom idrettskretsen og kommuner i fylket til kontantkasser. «Kontantkassa.no» skal være en ordning der trenere og ledere på en enkel og ubyråkratisk måte kan søke om midler for at flere barn og unge skal få delta i fritidsaktiviteter. Selve prosjektet starter i 2020.

Idrettsråd:

Når det gjelder kommunene og det lokale idrettspolitiske arbeidet, arbeider MRIK gjennom og i samarbeid med idrettsrådene.

De aller viktigste samarbeidstiltakene er lokale planprosesser i form av oppstartmøter, «Idrettens dag i kommunestyret» og andre møteplasser mellom idrettsrådet og kommunen. Jevnlig idrettsrådsoppfølging bidrar til forsterkning og spredning av disse tiltakene.

I forbindelse med gjennomføring av Kommunereformen er mange kommuner slått sammen, noe som også har fått følger for idrettsrådene i aktuelle kommuner. Idrettskretsen har gitt råd, veiledning og deltatt i info- planleggings- og stiftelsesmøter i forbindelse med avvikling av tidligere idrettsråd og stiftelse av 5 nye idrettsråd – nye Volda, Fjord, nye Ålesund, nye Molde og Hustadvika idrettsråd.

# Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

**Innbyggartal:**

116 500

**Daglig leder: Ola Fremo**

**E-post:**

[ola.fremo@friluftsråd.no](mailto:ola.fremo@friluftsråd.no)

**Telefon:**

95732511



Foto: Friluftsrådet N&R Ca. 350 barn deltar hvert år på Friluftsrådets mange friluftsskoler.

## 1 Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR)

FNR er et interkommunalt samarbeid på Nordmøre og i Romsdal for at alle som bor her og tilreisende skal oppleve glede og mestring med friluftsliv. FNR sin oppgave er å tilrettelegge for friluftsliv sammen med sine 13 eierkommuner, Møre og Romsdal fylkeskommune, grunneiere og frivillige lag og organisasjoner.

Samtlige kommuner i regionen er medlemmer, samt Heim kommune i Trøndelag. Administrasjonen har ca. 6 årsverk til disposisjon til våre aktiviteter. I påfølgende seks kapitler finner du våre viktigste satsingsområder.

Vi startet et nytt kapittel i 2019 da vi bestemte oss for å vurdere våre aktiviteter med utgangspunkt i FN sine vedtatte 17 bærekraftsmål. Årsmøte i 2020 vil for første gang få presentert en plan for dette langsiktige arbeidet.

FNR er tilsluttet Friluftsrådenes Landsforbund sammen med 26 andre friluftsråd.

## 2 Stikk UT!

Stikk UT! har blitt landets mest populære turkassetrim og er Friluftsrådets hovedsatsning for å invitere folk ut på tur. I 2019 hadde vi i våre 13 medlemskommuner over 15 000 deltakere (23 000 totalt i Møre og Romsdal) som til sammen registrerte 291 152 turer (490 000 totalt i Møre og Romsdal) elektronisk på stikkut.no eller via moroturappen.

Vi jobber kontinuerlig med å utvikle Stikk UT! -konseptet, og har gjennomført en spørreundersøkelse blant Stikk UT! -deltagere fra 2019 hvor vi fikk inn 2728 svar.

Hovedfunn tyder på at deltagerne først og fremst deltar på Stikk UT! for å få fine naturopplevelser. Å være fysisk aktiv scorer også høyt i tillegg til å oppleve nye turområder i fylket vårt, sette seg individuelle mål og motivasjon til turer sammen med familie og venner. Gode turbeskrivelser kommer høyt opp som motivasjon og halvparten setter skilting og merking høyt og mange liker å få Stikk UT! kartet i posten. Deltagerne ønsker å gå flere turmål fra samme startsted, flere nærturer og at Stikk UT! sesongen utvides slik at de kan gå fotturer også om vinteren. Nesten alle deltagerne har gitt svar på spørsmål om å bidra til ett bærekraftig friluftsliv. Det sosiale er viktig for de som har besvart undersøkelsen gjennom å invitere med seg en venn, kollega, nabo på tur, samkjøre til turstart og følge Stikk UT! vettreglene om sporløs ferdsel. De aller fleste ønsker å registrere turene



sine slik som nå, på stikkut.no eller moroturappen, men halvparten ønsker også velkommen til ett eventuelt nytt konsept med automatisk registrering på mobil, uten kode.

### 3 Friluftsskoler

FNR har blitt en solid arrangør av Friluftsskoler for barn mellom 10 og 13 år. Ca. 350 barn deltok i 2019. Vi får støtte fra Møre og Romsdal fylkeskommunen til dette arbeidet hvert år.

Barn får delta på en rekke ulike friluftslivsaktiviteter, som padling, klatring, kart og kompass, lage bål, spikking, jakt og skigåing. Det er alltid mye fokus på lek og trivsel.

Deltakeravgift skal ikke være en hindring for å delta. Det legges derfor vekt på lav pris og det tilbys gratisplasser, bl.a. gjennom samarbeid med sosialtjeneste, skoler og flyktningetjeneste. Dette gjør friluftsskolen til et godt tiltak for å utjevne forskjeller og har gitt fine opplevelser til mange barn som ikke deltar på andre tilbud.



### 4 Aktiv på dagtid

Aktiv på dagtid er et samarbeid med kommuner og NAV, og et tilbud om aktivitet. Friluftsrådets bidrag er å tilrettelegge for turer i natur med ulikt innhold som kart og kompass, sopptur, Stikk UT, fiske og turmat på bål.

Friluftsrådet har i samarbeid med frisklivsentral og friskliv og mestring gjennomført turprogram i Molde og Kristiansund.

### 5 Kartlegging og verdsetting av friluftsområder

Friluftsrådet har med støtte fra Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune og i samarbeid med den enkelte medlemskommune kartlagt friluftsområder. Dette kunnskapsgrunnlaget om areal for friluftsliv som nå blir bygd opp i den enkelte kommune blir nyttig i alt fremtidig planarbeid. Arbeidet danner også et solid og nødvendig kunnskapsgrunnlag for kommende arbeid med "Sti og løypeplaner" (Planer for friluftslivets ferdselsårer).



## 6 Strandrydding - Stikk UT og plukk!

Friluftsrådet har i tre år med støtte fra Miljødirektoratet gjennomført strandrydding i hele Nordmøre og Romsdal. Samarbeidet med renovasjonsselskapene NIR og RIR har vært godt og konstruktivt. Hovedsatsninga har vært ekstraordinær innsats på Smøla med Plastjegerne, og panteordninga "Stikk UT og plukk" i samtlige 13 medlemskommuner.

Til saman har vi samlet inn ca. 105 tonn med marint avfall i 2019. Dette er helt i norgestoppen og friluftsrådet retter er stor takk til alle strandryddere i Nordmøre og Romsdal.

## 7 Inkludering

Friluftsrådet har i samarbeid med Flyktningetjenesten i Molde kommune gjennomført kurs i friluftsliv for flyktninger. Målgruppen var elever ved introduksjonsprogrammet. Målet var å gi deltagerne innføring i friluftsliv med fokus på viktige og nyttige tema for utøvelse av friluftsliv gjennom hele året, ved innføring i norske turtradisjoner, turmat, allemannsretten og erfaring med turtilbudet Stikk UT! og morotur.no.

# Sunnmøre friluftsråd

**Innbyggartal:**

137 615

**Dagleg leiar:**

May Britt Haukås

**E-post:**

[may@friluftsradet.no](mailto:may@friluftsradet.no)

**Telefon:**

977 09 653



*Leik er ikkje avhengig av mykje utstyr for å ha det kjekt.*

*VGlimt frå Leikepatruljen.*

---

## Vi inviterer til friluftsliv

Alt Sunnmøre friluftsråd jobbar med handlar om folkehelse. Vi legg til rette for at så mange som råd skal kunne drive eit aktivt friluftsliv heile livet.

Vi driftar statleg sikra og andre viktige friluftsområde i medlemskommunane, og har eit stort aktivitetsarbeid. Vi arrangerer friluftsskular og andre aktivitetar for barn, kursar det pedagogiske personalet i skular og barnehagar i å ta i bruk naturen som klasserom, låner ut friluftsutstyr gratis til skular, barnehagar, lag og organisasjonar. Marin forsøpling er eit viktig arbeidsområde, ofte i samarbeid med frivillige og Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Dette er eit samarbeid med Miljødirektoratet, fylkeskommunen og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

## 1 Stikk UT! og Stikk UT! Ski

Sidan 2015 har vi drifta turkassetrimmen Stikk UT! i medlemskommunane på Sunnmøre. I 2019 registrerte 11 687 deltakarar i alle aldrar 203 347 turar. Om kvar tur får ein verdi på kr. 130, skapte Stikk UT! på Sunnmøre samfunns- og folkehelseverdiar for over 26 millionar kroner i dei 13 medlemskommunane. I 2019 var over 60 arbeidsplassar med i Stikk UT! Bedrift og brukte turtrimmen som eit helsefremjande trivselstiltak på jobben.

## 2 Naturlos

Naturlos er eit prosjekt der friluftsrådet to gonger i året gir ut ei avis med oversyn over natur- og kulturvandringar i medlemskommunane. I hovudsak er dette turar i regi av frivillige lag og organisasjonar. I tillegg kjem ei rad eigne annonser i aktuelle lokalaviser og på Facebook. Det er gratis for annonsørane å vere med i Naturlos. I 2019 marknadsførte friluftsrådet ca. 160 natur- og kulturvandringar med ca. 3 500 deltakarar.

## 3 Turkort

Turkort er informasjon om enkle nærturar også personar med nedsette funksjonsevner kan klare. Til saman har Sunnmøre friluftsråd no laga over 50 turkort som kvart inneheld detaljert kart, bilde og informasjon om turen. På nettsida er det kart over kvar turane ligg, og turkorta kan lastast ned gratis. I tillegg er det trykt opp hefte med turkorta som folk kan kjøpe i nettbutikken. Slike hefte er også delt ut til kommunane for utplassering i bibliotek, venterom og andre strategiske stader der folk kan bla i dei og få inspirasjon til nye turar.

## 4 Leikepatruljen

Med midlar frå Gjensidigestiftelsen starta Sunnmøre friluftsråd i 2019 med prosjektet Leikepatruljen. Gjennom året er det gjennomført kurs for 70 skular med ca. 2 500 elevar og 200 lærarar.

Leikepatruljen handlar om aktiv leik i den lengste "timen" i skulekvardagen: Friminutta. Erfaringa er at den fysiske aktiviteten, trivselen og miljøet generelt på skulane aukar, og at mobbing blir redusert. Kursa blir gjennomførte utandørs så sant vêret ikkje er for ille. Viktigaste "hjelpemidla" er eigen kropp, motorikk, balanse, samarbeid, og å ta ansvar for og hjelpe kvarandre.

## 5 Inkludering

I samarbeid med Voksenopplæringa i Ålesund arbeidde friluftsrådet i 2019 med å introdusere norsk friluftsliv til innvandrarar som har fått opphald. Elevane har blitt kjent med turmål i nærområda, gått fjell- og skogsturar, besøkt ein utebarnehage på leirplassen deira på Aksla, laga mat på bål mykje anna. På desse turane blir det snakka norsk, og deltakarane blomstrar og opplever meistring på ein annan måte enn i klasserommet.

Prosjektet Naturmøteplassen held fram i Vestnes, Ålesund og Ulstein. Dette er ein møteplass i friluft ein fast dag i veka midt på dag. Då brenn bålet og kaffien er klar for alle som vil kome.

## 6 Sikring av område for friluftsliv

Gjennom heile året jobbar friluftsrådet med å motivere kommunane til å søkje statleg sikring av viktige friluftslivsområde for befolkninga. Når eit område er kjøpt av staten, får kommunen råderetten og kan avtale ansvar for tilrettelegging, drift og skjøtsel til friluftsrådet. I 2019 har friluftsrådet m.a. jobba med vedlikehald av områda vi har ansvar for, lagt ut badebøyer, sett ut nye utegrillar/bålplassar, lagt ut flytebrygger, fjerna kratt og plukka søppel. I tillegg har vi jamt tilsyn med vask, tømning/påfylling av ca. 30 toalett.

## 7 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde

Med midlar frå Miljødirektoratet og fylkeskommunen er stillinga som koordinator for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre vidareført i 2019. Målet er at alle kommunar skal ha god oversikt og kunnskap om friluftslivsområda sine, og verdien dei har for friluftslivet. Alt blir kartfesta og digitalisert, og det er etablert eit stort nettverk av frivillige ryddarar som fungerer svært godt. Arbeidet blir vidareført også i 2020.



# Aukra kommune

**Innbyggartal:**

3539

**Folkehelsekoordinator i 100% stilling:**

Tove Charlotte Æsøy

**E-post:** [tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no](mailto:tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no)

**Telefon:**

71171577/ 98612740



Roktamonumentet: Foto Tove Charlotte Æsøy

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Regelmessig samtale med barna i barnehagane, der det vert snakka om leik, trivsel og vennskap er eit tiltak for å styrke eit inkluderande miljø og hindre utestenging og mobbing. Barnehagane og skolane i Aukra starta på prosjektet "Inkluderande barnehage- og skolemiljø" i regi av Utdanningsdirektoratet. Dette er ei satsing på kompetanseheving for at den einskilde tilsette skal få styrka sin kompetanse for å skape og oppretthalde inkluderande miljø.

Barnehagane og skolane i kommunen har tilsett kokkar. Dette er eit tiltak for å gjere kvardagen for barn og unge betre med mål om eit sunt kosthald med god ernæring for alle. I barnehagane samarbeider kokken med dei pedagogiske leiarane om involvering av barna i mat og måltidssituasjonar. Barn i bevegelse er eit samarbeid mellom førskolebarn, pedagogiske leiarar og fysioterapeutar om fysisk aktivitet. Etter skoletid prosjektet med møtestad for ungdommar med fast vaksen ein gong i veka har vore svært populær.

Begge skolane i kommunen er i gong med eit prosjekt "jentehele" i samarbeid med psykolog og helsesjukepleiarar.

Utstyrssentralen vår med gratis utlån av fritidsutstyr til alle årstider har godt besøk. Det er ekstra gledeleg at flyktningar og innvandrar er regelmessige lånarar. Det er særleg skiutstyr som det er mykje utlån av.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Kommunen har arbeidd med den nye IA- planen (inkluderande arbeidsliv) som har som hovudmålsetting å få ned sjukefråvær og hindre fråfall frå arbeidslivet. Fokuset i denne er lange og/eller hyppige fråvær. Satsinga på førebygging av sjukefråvær og fråfall skal aukast. Det har vore meir fokus på AKAN arbeid siste år. Fire personar frå kommunen var på kurs om AKAN modellen og den nødvendige samtalen som AKAN kompetansesenter arrangerte.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Aktiv senior gruppa vår har fått ny aktivitet i Julsundet og mange nye medlemmar det siste året. Mange seniorar er flinke til å komme seg ut på tur i all slags ver og delta på aktivitetar saman med andre. Ein del eldre er også aktive frivillige til dømes som "matombringarar", besøksvenner og aktivitetsvenner. Andre er ivrige på dugnadar og i aktivitetar i lokalmiljøet. Fleire eldre i kommunen kjem også på arrangement i regi av frivilligsentralen som «Eldretreff» og «Sangtreff» Møteplassar har stor verdi for alle innbyggjarar i kommunen, også for eldre. Musikk er i tillegg ein faktor som er helsefremjande både fysisk og psykisk. Frivillige organisasjonar som til dømes pensjonistforeining, husflidslag og revmatikarforeining samlar mange medlemmar til både aktivitetar, møter og samlingar. For mange av dei eldste har velferdsteknologi vorte ein del av kvardagen og dei er meir sjølvhjelpne enn tidlegare.



Unge motivatorar i Aukra

Foto: Lene Marita Ræstad

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Satsing på tilrettelegging for friluftsliv har vore på dagsorden i kommunen i mange år. Innbyggjarane er flittige brukarar av turstiar og friluftsområde. Ein del velforeiningar og grendalag har gjort ein stor innsats i sitt nærområde med klopping, grusing og bygging av gapahukar og grillhytter. Turar i naturen er ein aktivitet alle kan delta i og aktiviteten aukar med meir tilrettelegging. Det har vore gjort nokre tiltak i høve sikt og tilrettelegging for mjuke trafikantar knytt til busslommer og vegkryss.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Fleire av dei frivillige organisasjonane har hatt fokus på inkludering. Det har vore spanande samarbeid mellom ulike organisasjonar. Mellom anna hadde Gossen Bygdekvinnelag i samarbeid med Gossen Motorklubb ein fantastisk torgdag på Løvikremma i september.

Aukra er med i eit prosjekt om å utløyse frivilligressursen i kommunen og gjer forsøk på å få dette til gjennom eit samarbeid med alle velforeiningane. Det er dei som kjenner grendene best og som på ein god måte kan få med endå fleire ut i det frivillige arbeidet, med det dei verdiane som ligg i det.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kompetanseheving i høve vald i nære relasjonar har vore på dagsorden dei siste åra etter at planen med same tema vart laga. Fleire einingar i kommunen har hatt gjennomgang av flytskjema ved mistanke om vald og overgrep og barnehagane har stort fokus på dette området. SLT arbeidet er godt i gong og godt forankra. Nettverksarbeidet både i politiråd og i koordinerande gruppe er nyttig og fører til auka fokus på rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid.

#### 7 Aukra som MOT kommune

Aukra kommune har vore MOT kommune i mange år og hatt ulike avtalar med MOT sentralt. I 2019 signerte kommunen ein ny avtale; Kommunen som samfunnsbyggjar. I samband med dette hadde leiargruppa eit foredrag av Rune Bratseth frå MOT sentralt. Han var ein av grunnleggjarane av MOT i 1997. Rektorane ved begge skolane i kommunen og ein av kommunalsjefane vart skolert på MOT camp i Trøndelag. Dette er med på å styrke MOT arbeidet i kommunen. Den årlege MOT aktivitetdagen med sporløype for 8. klassane i kommunen er populær og fungerer godt. Spelarar frå Molde fotballklubb var på MOT besøk på Julsundet skole, dette eit flott tiltak der også idretten får vist fram fokuset på MOT verdier. Gossen idrettslag er også deltakar i lokalsamfunn med MOT og har fokus på MOT sin kjerneverdier.

# Aure

**Innbyggartal:**

3521 (ssb-2019)

**Folkehelsekoordinator i 50% stilling:**


Nina Bielawski (vikar)

**E-post:**

[nina.bielawski@aure.kommune.no](mailto:nina.bielawski@aure.kommune.no)

**Telefon:**

905 67 275



Figur 1: Bildet av May-Renate Settemsdal

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Aure kommune har i dag ca. 165 barn i barnehage, og full barnehagedekning. Alle barnehager og skoler i vår kommune deltar i et samarbeid med Nettverk Nordmøre, med å arbeide med de samme satsningsområdene. I Aure kommune sin oppvekstplan er livsmestring hovedmålet for barnehager og skoler i kommunen.

UngData-undersøkelsen ble gjennomført på ungdomstrinnene i 2018, og blir gjennomført i 2020 på ungdomstrinnet og barneskolen.

Helsestasjonen har oppfølging av alle barn og unge med familie og tilbyr familieveiledning til foreldre. Skolehelsetjenesten har faste tider på skolene.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Aure kommune har lav arbeidsledighet og lavere sykefravær enn landsgjennomsnittet. Kommunen er den største arbeidsplassen, og er en IA-bedrift.

Det er mange arbeidsplasser innen basisnæringer som prosessindustri, fiske og havbruk, landbruk og verkstedindustri.

Aure dagsenter er et viktig arbeidsfellesskap for de som trenger et dagtilbud. Der har de snekkerverksted, aktivitetsrom og kjøkken. Treffstedet og Bruktbua er også aktivitetstilbud på dagtid, i regi av Psykisk helse og rus.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Det er mange gode tilbud for eldre i kommunen, både i kommunal og frivillig regi. Blant annet avholdes fredagstrim ved Aure omsorgsbolig. I etterkant av trimmen har vi startet et prosjekt «matkista» (prosjektperiode 2019) for å forebygge ensomhet blant eldre. Dette er et samarbeid mellom kommunen og frivilligheten, der frivillige tilbyr skyss til og fra trimmen, samt bidrar med servering på «matkista». Dette prosjektet var så vellykket og ga godt oppmøte på trimmen i forkant, som gjorde at vi fortsatte «matkista», kun i regi av frivilligheten etter endt prosjektperiode.

Helse- og andre lag arrangerer "torsdagskafé" ved omsorgsboligene, mandagstrim, babysang på sykehjemmet, demens kafé for demente og deres pårørende, strikke kafé og andre sosiale arrangementer.

Vi fortsetter å rette fokus på «Aktivitetsvenn», som drives gjennom et samarbeid mellom kommunen, frivilligsentralen og Aure helselag.

Vi har et hverdagsrehabiliteringsteam som jobber fremmende og legger til rette for gode tiltak for hjemmeboende eldre.

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Ti turmål av varierende vanskelighetsgrad er merket som StikkUt! turer. I tillegg har idrettslag og helselag til sammen mange trimposter, med varierende underlag og vanskelighetsgrad.

Aure helseløype skal ferdigstilles, og være tilrettelagt for rullestol, og ha tilgjengelig HC-toalett.

Kommunen har arbeidet med å kartlegge og verdisette friluftsområder i samarbeid med Friluftsrådet. Dette er viktig arbeid for å ta vare på de flotte friluftsområdene som finnes i Aure.

Onsdagstrim hver onsdag for alle innbyggere i kommunen, uansett aktivitetsnivå. Iverksatt som forebyggende tiltak og gjennomføres av fysioterapeut i kommunen.

Kommunen har Frisklivssentral, med til sammen 50 % ressurser inn i arbeidet. Målgruppen er alle som ønsker hjelp til livsstilsendring. Tilbyr trening og "bra mat" kurs i første omgang.



Figur 2: Bildet av Rita Merete Ormbostad

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjoner

Frivillige lag og foreninger gjør en uvurderlig innsats for folkehelse og lokalsamfunnet. Kommunen har rundt 130 frivillige lag og foreninger. Mange forskjellige tilbud og aktiviteter som arrangerast.

Frivilligsentralen er en møteplass som formidler kontakt mellom mennesker i lokalmiljøet – noen trenger hjelp og andre ønsker å hjelpe. Sentralen er et kontaktpunkt mellom lag/organisasjoner og det offentlige.

Kulturskolen har et bredt tilbud til alle innbyggerne i Aure kommune. Kulturskolen tilbyr undervisningstilbud innen musikk, dans og visuell kunst.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Det er utarbeidet en oversikt over folkehelsen. Alle sektorer i kommunen har deltatt inn i dette arbeidet, og dokumentet vil ligge til grunn for videre planarbeid.

Aure kommune har en lavere andel barn enn landet som helhet, og en høyere andel eldre. Andelen eldre vil øke i årene fremover. På bakgrunn av dette vil trolig utgiftsbehovet innen pleie og omsorg øke. Samtidig vil utgiftsbehovet for grunnskole og barnehage trolig gå noe ned.

#### 7 Frivillighet i Aure

Frivilligheten er en viktig ressurs i folkehelsearbeidet. Aure frivilligsentral har i 2019 hatt ca. 6500 frivillighetstimer og har lokaler i Aure sentrum. Frivilligsentralen driver blant annet språkkafé og leksehjelp som en del av integreringsprosjektet, bistår med sjåfører til transport til og fra trimgruppe og har kaffeservering etter trim for pensjonister på mandager. I tillegg tilbyr frivilligsentralen ledsagerhjelp, turvenn, besøksvenn og deltager på ulike arrangement mm.

Lag og foreninger i kommunen bidrar stort i arbeidet med å gi tilhørighet og skape tilhørighet for innbyggerne gjennom ulike arrangement og tilrettelegging, og gjør en fantastisk innsats for innbyggerne i kommunen.



# Eide kommune

**Innbyggartal:**

3437

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Ellen Marie Krakeli

**E-post:**

[ellenmarie.krakeli@hustadvika.kommune.no](mailto:ellenmarie.krakeli@hustadvika.kommune.no)

**Telefon:**

97984232



---

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Helsesykepleiere har kurset seg i NBO - for å kunne veilede foreldre og gi dem økt mestringsfølelse og trygghet på at de kan lese og tolke sitt barns signaler. Dette for å styrke relasjonen mellom foreldre og barn. Eide kommune fikk opprettet tilbud om familieveiledning ved helsestasjonen i 2019. Helsestasjonen har også gruppetilbud for foreldre med barn på helsestasjon med forskjellige tema: motorisk utvikling, samspill, tannpleie, sykdom og ulykkesforebygging, samt ernæring. Skolehelsetjenesten ute på skolene har tilbud om helsesamtaler, undervisning og har åpen dør for elevene. I tillegg er det tilbud om veiledning til foreldre og ansatte gjennom tverrfaglig sammensatte Samba- team. Ungdomsskolen har MOT- undervisning til elever og Eide kommune har også MOT som samfunnsbygger.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Tillitsvalgte og verneombud føler seg godt involvert i kommunesammenslåings- prosessen. Det var i alle fall tilbakemeldingene i sluttevalueringsmøtet. Rask psykisk helsehjelp har utvidet tilbudet sitt og har nå selvhjelpsmoduler innen: angst, depresjon, søvnvansker, stress, utbrenthet og belastninger, bekymring og GAD (generell angstlidelse), lav selvfølelse, eksponering og perfektjonisme.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Frisklivssentralens trimgrupper har i flere år vært åpne for alle innbyggere. Fra oppstarten i 2013 har antall deltaker i gruppene vokst jevnt og trutt. Og nå deltar ca 45 personer på gruppene ukentlig. Frisklivssentralen har også fått tilgang til nytt, flott treningsrom i Eidehallen. Aktiv på dagtid har også hatt tilbud to ganger i uken, med turgruppe og bassengtilbud. I 2019 startet også fysioterapitjenesten planlegging og kursing av terapeuter og frivillige for å kunne starte opp "sterk og stødig" grupper. I tillegg har mange frivillige aktører bidratt med tilbud til eldre i kommunen. Eksempel på dette er: lesegrupper, sittedans, seniordans, herretrim, leikarring med flere.



#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Kommunen har så lenge folkehelsestatistikken fra FHI har eksistert hatt utmerket kvalitet på drikkevannet. Garderobeanlegget i svømmehallen er oppgradert og det er bygget nytt treningsrom i Eidehallen. Kommunen har jobbet aktivt de siste to år med skilting og merking av turruter og StikkUt

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjoner

Eide kommune har hatt samarbeid med frivillige lag og organisasjoner som et av hovedfokusene etter oversiktsarbeidet vi la fram i 2016. Kommunen har ønsket å være en samarbeidspartner for lag og organisasjoner ved å legge forholdene til rette for frivillighet i kommunen. Kulturkonsulenten har jobbet tett opp imot lag og organisasjoner både gjennom idrettsrådet, kommunedelplan for idrett fysisk aktivitet og friluftsliv og som utleieansvarlig for Eidehallen. Den kommunale ungdomsklubben vår, Pluggen, feiret også 10 års jubileum i 2019. Det vil si 10 år med gratis ungdomsklubb i Eide, med tilgang til aktiviteter i hallen og i lokalene til Pluggen i Eidehallen. Fordi vi har vektlagt dette arbeidet er vi også svært stolte av ungdata tallene våre som viser at Eide kommune har flere ungdommer som er fornøyd med lokalmiljøet, og flere ungdommer som er aktive i en fritidsorganisasjon enn det som er landsgjennomsnittet.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Eide kommune ble slått sammen med Fræna kommune til Hustadvika kommune 01.01.2020. I det siste året som egen kommune gikk det med mye tid til prosessen rundt kommunesammenslåingen. Blant annet skulle ny organisasjonsstruktur etableres. Folkehelseperspektivet ble løftet opp i organisasjonen ved at rådgiver folkehelse ble flytte fra enhetsnivå til ledernivå i kommuneområde samfunnsutvikling, i samme avdeling som kommuneplanlegger. Dette ble gjort med en målsetting om å løfte folkehelseperspektivet i kommunen ut av tiltakssiden og over på systemnivå for å sikre et systematisk og langsiktig folkehelseperspektiv og sterkere tilknytning til kommuneplan og PBL.

#### 7 Ny kommune, nye muligheter

Dette blir den siste årsmeldingen fra Eide kommune. Eide kommune er i skrivende stund historie. Vi har gått fra å være en liten kommune, til å være en del av en mellomstor kommune i norsk sammenheng. Litt vemodig er det, men det åpner også for nye muligheter.

Mange innbyggere har vært bekymret for hvordan sammenslåingen påvirker tjenestetilbudet, både i forhold til innhold, kvalitet og lokasjon. Andre ser flest muligheter og færre begrensninger med kommunesammenslåingen. I administrasjonen og i de øvrige kommunale tjenestene, håper vi å greie å bygge en ny kommune som innfrir flest mulig av forventningene fra ulike grupper innbyggere og at vi sammen kan gjøre Hustadvika til en kommune vi alle trives i og som vi er stolte over å komme fra.

# Gjemnes kommune

**Innbyggartal:**

2629

**Folkehelsekoordinator i 50% stilling:**

Maaïke M. Roorda

**E-post:**

[Maaïke.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no](mailto:Maaïke.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no)

**Telefon:**

907 11 095



Foto: Terje Humstad

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Gjemnes kommune har vært med på "tidlig inn", et samarbeidsprosjekt mellom flere kommuner. "Tidlig inn" er nå implementert og fortsetter fra svangerskap og gjennom flere konsultasjoner på helsestasjonen. Det er ett verktøy/kurspakke for å avdekke vold, rus og psykisk helseproblemer. Batnfjordskole har starte med Zippys venner i småbarnstrinn. Zippys venner skal bli utvidet til de andre skolene i Gjemnes. Ungdomskolen har hatt MOT i mange år, men fra 2019 har pakken blitt utvidet med MOT samfunnsdel. Fra høsten 2019 er psykisk helsesykepleier fast en dag per uke på Batnfjordskole og sammen med rektor, helsesykepleier og barnefysioterapeut møtes de en gang i måned som skolehelseteam. Skolehelseteam har som mål å være et forebyggende team for alle barn på skolen.

## 2 Helsevennlig arbeidsliv

Gjemnes kommune har laget romoversikt for det nye helsehuset.

## 3 Samfunn som fremmer aktiv, frisk og trygg alderdom

Gjemnes kommune har vært med på et interkommunalt prosjekt "hva er viktig for deg". Det ble avsluttet i 2019. Kommunen har opprettet et flerfaglig forbedringsteam som jobber med å videreutvikle tavlemøter, tverrfaglig samarbeid og likestilt tilbud for alle brukere av helsetjenester i kommunen. Hverdagsrehabilitering har i 2019 kommet godt i gang, det er utarbeidet prosedyrer og startet arbeidet etter disse retningslinjene. Kommunen har ukentlig dagtilbud for innbyggere med demens og for de som strever med psykisk helse.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Gjemnes har et fremragende tilbud for fysisk aktivitet i alle aldersgrupper, mest i Flemma, Torvikbukt og Batnfjordsøra. Fysioterapitjenesten har 3x ukentlig sal trening, grupper inndelt i forskjellig nivå og 2x bassentrening.

Det er tilsatt ny virksomhetsleder for denne virksomheten.

# Ulstein kommune

**Innbyggartal:**

8571

**Folkehelsekoordinator i 50% stilling:**

Kjersti Vengen Jensen

**E-post:**

Kjersti.vengen.jensen@ulstein.kommune.no

**Telefon:**

70017500 / 95272742



Figur 1 Foto Per Eide

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

FNs berekraftsmål vart for første gang innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen 2019–2022. Ulstein kommune har prioritert fire mål: god utdanning, god helse, berekraftige byar og samfunn, innovasjon og infrastruktur. ReKomp (regional kompetansestrategi for barnehage) er ei ny nasjonal ordning for kompetanseutvikling. På bakgrunn av lokal kartlegging, nasjonale føringar og endringar i lova, er kommunikasjon og språk valt som overordna tema i Ulstein. Skulane har arbeidd målretta med læringsmiljø og arbeidsmiljø, med særleg vekt på god kultur for læring. Helsestasjonen tilbyr "Trygg start" til gravide og familiar med barn opp til 2 år som treng ekstra oppfølging. I 2019 starta implementeringa av Barneblikk, eit lavterskeltilbod til sårbare gravide og småbarnsfamiliar opp til skulealder. I 2019 starta vi med Betre tverrfagleg innsats (BTI) for å samhandle best mogleg og sikre god oppfølging i alle overgangar i livet. Målet med tiltaka er å oppdage og følge opp barn tidleg og gi alle eit best mogleg utgangspunkt.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Vi er med i ei større satsing på heiltidskultur i lag med KS og Ørsta kommune. Det bidrar til kvalitet i tenestene, yrkesstoltheit, trygghet, lågare sjukefråvær og godt arbeidsmiljø. Ulstein kommune har jobba aktivt for å sikre likelønn. Vi legg stor vekt på å fylle samfunnsoppdraget om å ta inn læringar og opplæringskandidatar for å sikre kompetanse i eigen organisasjon og for å bidra til at ungdom og vaksne får høve til å kvalifisere seg for arbeid. I tillegg har vi hatt læringar gjennom «menn i helse». Vi har og vore vertskap for større prosjekt med tilrettelagt fagopplæring innan reinhald og industrimekanikarfaget. Vi gir praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening. I samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og Nav, vart det starta ei klasse ved Ulstein vidaregåande skule som gir tilrettelagd undervisning for framandspråklege i helsefag.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Vi har tilsett demenskoordinator og er med i eit kommunenettverk for utvikling av aldersvenlege samfunn. I 2019 vart det laga til ei parallellutlysing til ulike arkitektfirma om utforming av sentrum og utvikling av nye omsorgsbustadar og buformer. Kvardagsrehabilitering er eit verkemiddel for at eldre skal få meistre eigne liv og bu lenger i eigen heim. Dette er eit vidareført tilbod med fokus på førebygging og meistring, ved å ta føre seg det som er viktigast for den einskilde brukaren. Sterk og stødig er gratis og vidareført treningstilbod for eldre, gjennom Frisklivssentralen. Tilbodet gjeld både innetrening og utetrening i differensierte grupper der ein også legg til rette for sosial nettverksbygging.





Figur 2 Foto Per Eide, Fløstrand

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Samarbeidet på tvers av kommunale etatar er med på å oppretthalde folkehelsa gjennom å legge til rette for til dømes møteplassar og turvegar. I 2019 har vi fått til fleire turvegar, delteke aktivt som medlem i Sunnmøre Friluftsråd, jobba med kartlegging og statleg sikring av viktige friluftsområde, ferdigstilt gang- og sykkelveg frå Halsenest til Skeide. Vi har etablert HC-parkering ved nærturområdet i Bugardsmyrane, parkering ved Røyrafjellet, og turvegen over Gamleeidet vart rusta opp. Registrering av leikeplassar er også gjort i 2019.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Kulturavdelinga sitt samspel med lag og organisasjonar er viktig for at kultur, idrett, fritid og friluftaktivitetar kan blomstre og saman skape eit mangfaldig og attraktivt kulturliv og -tilbod. Nytt av året var Ung Arena, som er eit firedelt prosjekt finansierte av Gjensidigestiftelsen. Prosjektet er forankra i Ulstein frivilligsentral, Bell og Ulstein bibliotek, med arbeidsområda Debattarena, BUA utlånsentral, Open hall og Leksehjelp.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I 2019 gjorde vi ei innbyggjarundersøking på same måte som i 2017, 2015 og 2013. Undersøkinga viste at vi opplever Ulstein som ein trygg og god stad å bu. Vi trur at aktiv innbyggjardialog medverka til at vi opplevde høgare valdeltaking i årets kommunestyre- og fylkestingval enn tidlegare. I evalueringa Kommunekompasset fekk Ulstein 72 poeng på området offentlegheit og demokrati, det høgste nokon kommune har fått. «Heile det arbeidet Ulstein gjer med å fremje og utvikle innbyggjardialogen og lokaldemokratiet er særskilt bra», heitte det i evalueringa. Arbeidet fekk ei såkalla gullstjerne for «absolutt beste praksis som dei aller fleste andre kommunar kan lære av». Det har i 2019 vore gjort eit arbeid med planlegging av Skaparhuset i Ulsteinvik. Skaparhuset er eit samarbeidsprosjekt mellom næringsliv, akademia og det offentlege, og skal bli staden der næringsliv, elevar, studentar og offentleg tilsette møtest for nyskaping. Skaparhuset skal vere ein arena for heile regionen, og byggjer på teknologisatsing i skule og arbeidsliv.

#### 7 Digitalisering

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å få til ein enklare kvardag for alle som bur og arbeider i Ulstein. På helsestasjonen har vi hatt felles digitaliseringsprosjekt saman med alle kommunane i Sjøstjerna. Helsestasjonsportalen Søre Sunnmøre vart lansert til påske 2019. Løysinga samlar all informasjon om tilboda i svangerskapsomsorga, helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom på ein stad. Dette er sannsynlegvis den mest omfattande og oversiktlege samlinga av informasjon om desse tenestene i Noreg. Velferdsteknologi: Ulstein kommune har teke i bruk to ulike løysingar for digitalt tilsyn, Roomate og Somnofy. Roomate er eit anonymisert digitalt tilsyn som kan gje varsel om kritiske situasjonar. Somnofy er eit utviklingsprosjekt kommunen har saman med ALV (Arena for læring om velferdsteknologi) og Vital Things. Ulstein kommune var pilotkommune under valet i 2019. I staden for å sende ut valkort i posten, fekk kvar innbyggjar dette elektronisk.

Satsinga på Teknologiskulen har vore vidareutvikla dette året, både med kompetanseheving og utstyr. Saman med Høgskulen i Volda har vi utvikla Ulsteinmodellen for vidareutdanning i IKT for pedagogisk personale. Elevar og lærarar fekk vise fram teknologisatsinga overfor finansminister Siv Jensen, som var på besøk i Ulstein. I juni var kommunen ein av tre finalistar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin innovasjonspris for arbeidet med Teknologiskulen.

# Vanylven kommune

**Innbyggartal:**

3117

**Folkehelsekoordinator i 50% stilling:**

Hanne Morseth

**E-post:**

[hanne.morseth@vanylven.kommune.no](mailto:hanne.morseth@vanylven.kommune.no)

**Telefon:**

70 03 01 82 / 950 24 557



Bilete 1: Foto: Renate Hatlegjerde

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

I mai var det fagdag for tilsette i kommunen med tema Barn som pårørende. Fagdagen var for alle aktuelle i kommunen, både innan somatikk, barnehage, skule og psykisk helse/rus, samt andre som politi, tannklinikk, kyrka med fleire. På fagdagen vart det gått gjennom lovverk og ulike case for å aktualiserer temaet for alle faggrupper.

Vanylven kommune har gjennom året jobba med ei endring på korleis tenestene rundt barn, unge og familiar er organisert for å kome tidleg inn. Dette har resultert i blant anna oppstart av familie- og læringssenter i kommunen. Vanylven vil jobbe vidare for å legge til rette for å motverke utanforskap, sikre likeverdige og koordinerte tenester samt gode samanhengar mellom dei ulike tenestene.

Vanylven Fritidsklubb har fokusert på ungt demokrati og medverknad. Våren 2019 starta Fritidsklubben opp ei gruppe med unge arrangørar som fekk opplæring i arrangementsplanlegging og har sjølv arrangert gratis tur til Trampolineparken i Ålesund for ca. 40 ungdom i alderen 13-17 år. Aktivitetstilboda på klubben skal vere av, med og for ungdom. Ungdomsstyret og dei frivillige ungdomane er i stor grad med å bestemmer korleis fritidsklubben skal vere og kva tilbod dei ynskjer.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Verdensdagen for psykisk helse vart markert med god prat og kaffi på Combisenteret på Fiskå 10.oktober. Kommunalt tilsette samt nokre deltakarar på kommunen sitt dagtilbod innan psykisk helse sto bak markeringa. Kommunen merkar aukande interesse for temaet og fleire butikkar får med seg plakatar og brosjyrer for å henge opp i eigne lokaler.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Livsglede for eldre, besøk av barnehage inn på omsorgssenteret og fleire samlingsstunder med musikk og sosialt samvær er gode trivselstiltak for både bebuarar og tilsette på omsorgssenteret i kommunen. I juni var det arrangert grillfest ute i sansehagen. Det var fint vær og godt oppmøte. Her var det stund med trekkspelmusikk, nysteikte sveler og grillmat.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I 2019 vart det gjort politisk vedtak om medlemskap i Sunnmøre Friluftsråd frå 1.januar 2020. Kommunedelplan for trafikktrygging vart også utarbeida og behandla i 2019, med mål om blant anna å legge til rette for eit godt og tenleg vegnett for alle brukargrupper.



Bilete 2: Deltakarar i rulleløpet er klar til start, med utkledding og startnummer. Foto: Siv Fagervoll Brekke

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Det har dei siste åra vore ei auke i søknadar om spelemidlar både til mindre og større prosjekt. Utvikinga bidreg positivt til at nye prosjekt blir starta. Vi opplever ei investeringsvilje frå frivilligheita når det gjeld dugnadsinnsats og eigenkapital. I 2019 samarbeida kommunen tett med sogelaga i kommunen om kulturminneplan. Planen vert ferdigstilt i 2020. Handlingsplanen vil sørge for vidare samarbeid med frivillige innan kulturarv. Monsiaden, eit arrangement for psykisk utviklingshemma, vart gjennomført for 24. året på rad i 2019. 157 deltakarar til idrettsarrangementet var påmeldt med følgje. Totalt tilstade, inkludert følgje og frivillige, var over 350.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Vanylven kommune gjennomførte i 2019 både Ungdata og Ungdata Junior, med svarprosent på over 95%. Det har også vore arbeid med plan for barn og unge innan kultur og oppvekst. Planen skal sørge for at alle i kommunen saman skal legge til rette for born si meistring og utvikling. Kommunen har i 2019 jobba med utarbeiding av folkehelseoversikt, denne gangen i eit interkommunalt samarbeid med kommunar på søre Sunnmøre.

## 7 Rulleløp 2019

I midten av august vart det arrangert rulleløp i Vanylven der bebuarar på Vanylven helse- og omsorgssenter deltok. Ordførar Lena Landsverk Sande føretok ei offisiell opning av løpet før ho la i veg i løypa som hare for dei andre deltakarane. Det var lagt opp til to ulike løyper, ei lang og ei kort, men fleire enda opp med å ta begge løypene. Deltakarane stilte i kostymer og med pynta rullatorar og rullestolar. Vêret var fint og det var mykje latter og glede å høyre og sjå denne dagen. Etter endt løp var det samling med kake og kaffi i fellesstova på senteret. Det var også premiering, blant anna til eldste deltakar som var imponerende 104 år! Kommentaren frå initiativtakarane etterpå tyder på at det vert fleire løp i åra framover: "Dette har vi planar om å gjere igjen, for dette var kjempegøy!".



# Vestnes

**Innbyggartal:**

6532

**Folkehelsekoordinator:**

Nei, men ei arbeidsgruppe for folkehelse med representantar frå ulike sektorar

**E-post:**

[hege.haugen@vestnes.kommune.no](mailto:hege.haugen@vestnes.kommune.no)

**Telefon:**

71 18 42 14 / 928 19 059



1Konsert på Ystetind. Foto: Jørn Lund Salthammer

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Vestnes Kulturskule arrangerer kurs i babysymjing for babyar frå 6 vekers alder. I tillegg har kulturskulen tilbod i dans for born frå 2 år. Frivilligsentralen arrangerer Full rulle. Ein uformell møtestad for dei som er heime med baby. Fleire Stikk UT! turar er tilrettelagt for barnevogn, og tur med små born. Helsestasjonen har starta opp med foreldrestøttande rettleiing på individnivå, i tillegg til primæreforbyggande fokus, graviditet/svangerskap og etter fødsel

Livsmestring og helse har kome inn i rammeplanen som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag.

Barnehagane har følgjande tiltak for å fremme folkehelsa:

Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna.

Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år

Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.

Fokus på sunt kosthald i tråd med dei nye retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.

Uteleik og turar i naturen til alle årstider. Aktivitetar i idrettshall/gymsal/symjebasseng. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.

Nokre avdelingar køyrer programmet "Mini-Røris" som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.

Alle barnehagane har Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn.

Nokon av dei kommunale barnehagane tilbyr vasstilvenning for førskulebarna.

Nokon av dei kommunale barnehagane har barnehagebibliotek

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Vestnes Kommune er ei IA bedrift. Kommunen gir tilbod om gode rabattordningar på treningssenter som HMS tiltak. Møteplassen er eit oppfølgingstiltak for sjukmeldte arbeidstakarar.

Folkebiblioteket gjennomfører "Snakkbart" - ei arrangementspakke som har fysisk og psykisk helse som tema. Biblioteket samarbeider med helsestasjon, psykiatri og andre helseaktørar for å sikre eit relevant innhald. Dei ulike einingane har fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Aktivitetsvenner for demente er etablert. Kursing av aktivitetsvenner som er kopla saman med ein personar med demens. Leseven - tilbod gjennom biblioteket, der frivillige les for bebuarar i institusjon som ønskjer det. Det vert arrangert Kulturkafe for eldre på frivilligsentralen ein gong i veka, med ulike aktivitetar. Fleire StikkUT turar er tilrettelagt for rullator.

Kulturskulen har songstund i eldreinstitusjonane, og band for godt vaksne med ulike hjelpebehov

Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag.





2Frå frivilligdagen 2019. Foto Karianne Bergset Austnes

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Folkehelseperspektivet skal vere framme i all planlegging/ prosjektering og utbygging i kommunen. Ein vil arbeide for bygging av gang og sykkelveggar, syte for gate/vegbelysning slik at aktivitet kan oppretthaldast og i den mørke årstida. Ein vil sørgje for sikker ferdsel gjennom snøbrøyting og sandstrøing. Det vert arbeid for å legge til rette for parkeringsplassar ved utfartsområde, og etablere toalettløsningar til disse.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Kommunen har eit rikt organisasjonsliv som gjennom sine aktivitetar og møteplassar bidreg til betra folkehelse, til innbyggjarar i alle aldrar.

Det er fleire gode møteplassar for integrering. Vi nemner:

Biblioteket, Ung Kultur Møtes, Frivilligdagen, og fleire andre arrangement.

Utstyrssentralen er i drift på frivilligsentralen, der alle kan låne friluftsutstyr gratis. Den bidreg til at fleire kan vere fysisk aktiv ute

Lag og organisasjonar arrangerer fellesturar.

Kulturskulen sitt motto er "kulturskule for alle". Dei står for opplæring som vidare bidreg til deltaking i det frivillige kulturlivet. Kommunen støtter dei lokale skulekorpsa ved å dekke 50% av utgiftene til dirigentteneste.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsearbeid står på agendaen i alle einingane i kommunen.

Frivilligsentralen koordinerer Stikk UT!

Det er etablert ei arbeidsgruppe for folkehelse i kommunen.

Nytt helsehus er under bygging i kommunen. Det er vedtatt at det nye helsehuset skal bli ein sertifisert Livsgledeheim. Dette er ei nasjonal sertifiseringsordning gjennom organisasjonen Livsglede for eldre.

# Volda kommune

**Innbyggartal:**

10 454

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Ulrik Vik Nakken

**E-post:**

[ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no](mailto:ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no)

**Telefon:**

917 29 469



*Andaneset med Volda sentrum i bakgrunnen*

*Foto: Volda kommune*

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

- Ungdataundersøkinga blei gjennomført for tredje gong i Volda kommune våren 2019 (92 % av elevane ved ungdomstrinnet og 83 % av elevane ved Volda VGS deltok i undersøkinga.
- Fleire av barnehagane i kommunen har gjennomført Fiskesprell-kurs som har til formål å auke inntaket av fisk og sjømat blant barna. Barnehagane har saman med helsestasjonen også utarbeida ein eigen kosthaldsplan. Eit godt kosthald i barnehagen kan bidra til å utjamne sosiale skilnader.
- Volda kommune har satt saman ei arbeidsgruppe bestående av leiarar frå to ulke barnehagar, representant frå eigedomsavdelinga, kommuneplanleggar og folkehelsekoordinator som skal kome med forslag til ein rettleiar for uteområdet i dei kommunale barnehagane. Rettleiaren skal vere eit dokument som sikrar heilskapleg kvalitet på leikeplassen i barnehagen
- Ungdomsklubben i Volda starta opp igjen med aktivitet i nye lokale på Hamna 20 våren 2019 etter fleire år utan eit ungdomsklubbtilbod. Ungdomsklubben er eit rus og røykfritt aktivitetstilbod til ungdom frå 8. klasse og ut det året ein fyl 18 år.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

- Volda kommune har ei overvekt av offentlege arbeidsplassar innan sørvisnæringar, helse, barnehage, skule og høgare utdanning. Merksemd på folkehelse er gjennomgåande i kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Volda kommune er ei IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) med mål om å ha eit godt arbeidsmiljø, styrke nærværet til jobb, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøying og fråfall i arbeidslivet. Sjukefråværet er dessverre høgt for enkelte avdelingar i Volda kommune og kommunen skal delta i bransjeprogrammet for sjukeheim frå 2019.
- Frisklivssentralen i Volda har tilbod om rettleiing innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakk. Dette er aktuelle tiltak for å kome raskare tilbake i jobb og/eller førebygge sjukefråvær.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

- Kommunen arrangerer "Aktivitetsvennkurs" i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen.
- Dagsentertilbod for eldre har fokus på fysisk aktivitet, kosthald og ein trygg kvardag.
- Eldretrimmen - trim for dei over 60 år
- Gruppetrening og sosiale treffstadar organiserast av fleire frivillige lag og organisasjonar
- Rullatormaraton ved Volda omsorgssenter på verdas aktivitetsdag 10. mai
- Satsing på velferdsteknologi som gjev innbyggjarar med ulike helseutfordringar betre høve til å meistre sin eigen kvardag og bu heime lengst mogleg.



Figur 1 Illustrasjonsfoto av nye Volda Campus Arena Foto: Volda kommune

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

- I oktober 2019 var den nye turvegen på Andaneset like sør for Volda sentrum ferdig. Turvegen er 430 meter lang og gjer eit flott friluftsområde i fjæra tilgjengeleg for publikum. Langs turvegen er det fleire benkar og samlingsplassar med flott utsyn over fjordlandskapet. Turen er ein av Stikk UT!-turmåla i Volda i 2020. Det er også planar om å etablere ei fiske- og badebrygge i dette området.
- Hausten 2020 skal Volda Campus Arena etter planen stå ferdig. Hallen vil innehalde to fullverdige handballbaner, to aktivitetssalar, fleirbruksrom, klatrehall med buldrevegg, styrketrening- og spinningrom, garderobar, ulike sosial rom, kafé, kiosk møterom, lokale for medieproduksjon, fellesareal, tribuner m.m. . Idrettshallprosjektet er i sum eit partnerskap mellom idretten, kommune, fylkeskommune og næringsliv.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

- Volda har fleire festivalar og arrangement som er initiert av frivillige og som engasjerer mange. Eit relativt nytt arrangement er "Øyralangs" som blei arrangert for andre gong i oktober 2019. Fleire tusen personar tok del i den kulturelle lysvandringa der turstien frå Årneset gjennom Elvadalen til Volda sentrum blir lyssett med ulike kunstnariske installasjonar og kulturelle innslag blir framført.
- Frivilligsentralen har fått etablert ein utstyrssentral gjennom tilskot frå Bufdir. Utstyrssentralen tilbyr utlån av frilufts- og sportsutstyr. For tida er utstyrssentralen lokalisert i kjellaren på rådhuset.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

- Folkehelsekoordinator er fast deltakar i administrativt planforum som er eit tverrsektorielt møteforum med deltakarar frå rådmannen sin stab, sektor for utvikling, teknisk sektor, landbruk, barn og unge sin representant i plansaker, kommuneoverlege, teknisk avdeling og næringsforum.
- Som følgje av kommunesamanslåinga frå 01.01.2020 vedtok Volda kommune ein ny overordna organisasjonsstruktur for den nye kommunen allereie i 2018. Den nye organisasjonsstrukturen skisserar nye samhandlingsgrupper som skal sikre godt tverrsektorielt samarbeid. Eit av forslaga til samhandlingsgruppe i det nye organisasjonskartet er ei folkehelsegruppe.

#### 7 Interkommunalt samarbeidsprosjekt på søre Sunnmøre

- I 2019 samarbeida Volda kommune med Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven og Ørsta kommune om innsamling av kvantitative opplysningar til den reviderte folkehelseoversikta. Samarbeidet gjekk føre seg over fleire samlingar med første samling i juni 2019 og siste samling i november 2019. Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskulen i Volda og Folkehelseinstituttet har stått for fagleg innhald på samlingane.

# Ørskog kommune

**Innbyggartal:**

2250

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Gunnhild Todal

**Telefon:**

97712943

**E-post:**

[gunnhild.irene.todal@alesund.kommune.no](mailto:gunnhild.irene.todal@alesund.kommune.no)



*Glade barn i Hestvika. Foto: Hilde Sørdal*

---

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Årøyhaugen barnehage har fått nytt uteområde. Årøyhaugen barnehage arbeider med livsmeistring og helse gjennom prosjekt "OPP OG FRAM" i regi av Høgskulen i Volda. Vår problemstilling er: Korleis skal vi ruste barna til å tåle motgang og forventningar i barnehagekvardagen?

Barnehagen brukar aktivt dei flotte nærområda. Tusenårsstaden vart fornya våren 2019 med nye bord og benkar og nytt golv i grindløa.

Ørskog skule har innført SMART oppvekst som er eit system for å trene og øve på sosial kompetanse og sjå styrker hos kvarandre.

Prosjektmidlar har sikra fortsatt auka kapasitet og tilgjenge i skulehelsetenesta gjennom auka stilling for helsesjukepleiar. Midlane har også bidratt til digitalisering av informasjon og kontakt ut.

## 2 Helsevennleg arbeidsliv

Ørskog kommune samarbeider med Stamina Helse. Stamina har delteke på dialogmøte ved sjukefråvær og i IA utval. Dei har utført helsekontrollar for tilsette i Årøyhaugen barnehage og tilsette i brannvesenet i tillegg til helsesertifisering for røykdykkarar og fysisk testing av desse. Stamina har gjennomført fire kurs i forflytning for tilsette i pleie og omsorg og gjennomført kurs endring/omstilling for einingsleiarane, PPT og Årøyhaugen barnehage.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Ørskog har mange tilbod for eldre gjennom organisasjonar, kulturtilbod, turar med LHL og Aktiv på dagtid i samarbeid med God Helse. Møtestadar som t.d. på Frivilligsentralen er viktige for mange.

Ørskog har gode sentrumsnære uteområde som er godt tilrettelagt for eldre.

Ørskog Bygdekvinnelag og Pårørandeforeinga saman med andre frivillige gjer ein stor innsats for å skape trivsel bl.a. med å arrangere kafear, bingo, basar og julebord for bebuarane i samarbeid med andre frivillige. Ørskog har frivillige turvennar og besøksvennar.

Ørskog har i samarbeid med Skodje dagsenter for demente 2 dagar i veka. Tilbodet er avlastning for pårørande og er viktig med tanke på stimuli og ein meir aktiv kvardag.

Satsing på velferdsteknologi er eit arbeid som starta i 2019. Vi håper dette fører til at fleire eldre kan bu heime lengre og føle seg trygge i heimen.

«Kva er viktig for deg»-dagen blei markert i juni. Ørskog fullførte også Nasjonalt læringsnettverk for gode og godt koordinerte pasientforløp i 2019.





Uteområdet ved Årøyhaugen barnehage. Foto: Teknisk avdeling.

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Sjøholt tettstadprosjekt har gjennomført eit omfattande arbeid med det fysiske miljøet i sentrum som merking av kommunal gang- og sykkelveg, merking av parkeringsplassar, mange fleire gateløys og nye sykkelstativ. Desse tiltaka gjer at alle kan ferdast tryggare i sentrum, spesielt er skulevegen blitt betre for elevane.

"Lillebygda rundt" er ein skilta og tilnærma universelt utforma turløype i sentrum. Store informasjonsskilt er set opp med ny og historisk informasjon på fleire plassar, t.d. ved Sjøholt hotell.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

Ørskog har eit rikt og aktivt organisasjonsliv. Alle er velkomne til å vere med. Ørskog idrettslag har starta opp arbeidet med å bygge eit nytt friidrettsanlegg.

Ungdomsklubben er pussa opp og her møtes mange av dei yngste ungdomane kvar veke for å ha det hyggeleg i lag.

Ørskog har fantastiske turområde både sommar og vinter. Om vinteren er det oppkøyrt skispor både rundt Svartløken ved Ørskog I.L., på Ørskogfjellet ved Ørskogfjell skilag og på Vaksvikfjellet ved Lauparen I.L. Alle turområda er fine treffstadar for dei som vil møte andre. Om sommaren er det yrande liv på dei mest populære strendene der mange kan treffast.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Sjøholt tettstadprosjekt har lagt stor vekt på medverknad. Alle innbyggjarane har fått høve til å uttale seg gjennom fleire folkemøte og i uformelle møte. Rapporten for prosjektet gir ti overordna mål for utvikling av tettstaden Sjøholt. Tettstadprosjektet har danna grunnlag for utarbeiding av reguleringsplana for Sjøholt.

#### 7 Mange frivillige utanom organisasjonane

I Ørskog har vi mange frivillig som ikkje er medlemar i lag og organisasjonar, men likevel gjer eit stort og viktig arbeid. Mange av desse er tilknytta Frivilligsentralen og tilbyr å hjelpe til der dei har interessene sine. Mange stiller opp og ryddar turveg, hjelper til med StikkUt, er besøksvenner og bingovertar. Det er hyggeleg at så mange vil bidra år etter år på dei ulike aktivitetane. Eit godt eksempel er det frivillige arbeidet som blir utført på Elvastien: frivillige stiller opp på dugnadar, reparerer trefigurane og ryddar skog og kratt rundt vegen slik at det blir triveleg for alle å gå der. Dei eldste mennene gjer eit viktig arbeid berre med å møtast til uformelle treff på Frivilligsentralen kvar dag. Dei held seg oppdatert på nyheiter og blir ikkje sitjande einsame heime. Dei har det gøy saman, spelar biljard, feirar bursdagar og kosar seg i lag.

**Innbyggartal:**

10 908

**Folkehelsekoordinator i 60% stilling:**

Ingvild Endal

**E-post:**

[Ingvild.endal@orsta.kommune.no](mailto:Ingvild.endal@orsta.kommune.no)

**Telefon:**

917 65 389



Nærmiljøanlegg ved barneskule i sentrum.

Foto: Ingvild Endal

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

- Ørstabarnhagen har samarbeid med Frisklivsentralen. I prosjektet "Bra mat i barnehagen" om kosthald får barnehagar tilbod om tre kursøker i kvar barnehage. I prosjektet "Frisk og aktiv i Ørstabarnhagen" om fysisk aktivitet er målet å styrke motorikken til barna gjennom tre motoriske leikbaserte øker per veke på 20-30 min. Friskliv med fysio- og ergoterapeut rettleiar om kvart tema som er planlagt i eit årshjul.
- Ørstaskulen har også samarbeid med Frisklivsentralen om fysisk aktivitet og kosthald.
- Helsestasjonen har satsa på digital utvikling gjennom eit interkommunalt digitaliseringsprosjekt, informasjonstiltak på fleire digitale plattformer som snapChat for ungdom, facebookside og Helsestasjonsportalen Søre Sunnmøre for alle vaksne med mykje nyttig informasjon, svar på spørsmål, oversikt over dei ulike tenestene og på ulike språk.
- Skulehelsetenesta har vorte betre tilgjengeleg.
- Skulen sitt innsatsteam mot mobbing er tverrfagleg samansett, det same gjeld kommunen sitt ambulerande team.
- 23. januar 2019 flytta brannbamsen Bjørnis til Ørsta brannstasjon. Bjørnis møter barn sine behov for omsorg og tryggleik ved brann og andre ulykker, og gjev barn og vaksne gode råd om brannvern. I 2019 besøkte Bjørnis alle barnehagane i Ørsta, og han er viktig i det førebyggjande arbeidet i kommunen. Bjørnis går også i 17. mai toget og er på open dag på brannstasjonen.

## 2 Helsevenleg arbeidsliv

- Framhald med pilotprosjektet Heiltidskultur. Kommunen har fått nasjonal merksemd for godt prosjektarbeid. Kunnskap og erfaringar frå prosjektet skal delast med heile organisasjonen.
- Den overordna Kveik gruppa er styringsgruppe alle dei store prosjekta.
- Gneist-gruppene (einingsleiar, plassverneombod og plasstillitsvalt) er sentrale for ei felles forståing for heiltidskultur, arbeid for nærvær, HMT-plan og vidare arbeid med 10-FAKTOR.
- Kommuneorganisasjonen deltok i Stikk UT! Bedrift.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

- Alle 80-åringar får tilbod om førebyggjande heimebesøk.
- Alle planlagde brannøvingar vart gjennomført unntatt ved ein kommunal institusjon. I staden vart det øving ved Møre Folkehøgskule.
- Den kulturelle spaserstokk: kulturformidling for eldre i institusjonar eller ved eigne arrangement.
- Oversikt over aktivitetstilbod for vaksne, og for barn og unge revidert.



Ørstahallen opna i januar 2019.

Foto: Ingvild Endal

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

- Oppfølging av prioriterte tiltak i trafikktryggingsplanen.
- Opning av Ørstahallen, ein fleirbrukshall på 8500 m<sup>2</sup>. Stor aktivitet i hallen heile året.
- Søkt og fått kr 4 millionar frå tilskotsordninga nyskapande aktivitetsarena. Vikeparken i Ørsta sentrum skal vidareutviklast.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjonar

- Flykningkontoret og frivilligsentralen samarbeida om å arrangere kulturcafé i Ørstahallen.
- Ørsta sykkelklubb har opparbeida pump-track ved Ørstahallen, ei sykkelløype for uorganisert fysisk aktivitet.
- Opparbeida nærmiljøanlegg ved barneskule i sentrum.
- Kommunal utlånsentral fått mykje meir utstyr med midlar frå Bufdir.
- Det nye statleg sikra friluftsområdet badeberget ved Hovdevatnet fekk etablert ny avskjeringskanal for å tørke ut område og forlenga turstien. Det vart også sett opp ein gapahuk av frivillige.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

- Ungdata undersøking vart gjennomført ved alle ungdomskulane og ved Ørsta vidaregåande skule. Det er tredje gongen Ungdata vart gjennomført i kommunen sidan 2013. Resultata har vore tema på møte med Ungdomsrådet. Elevråda ved ungdomskulane har også vorte involvert i etterkant.
- Arrangerte tverrfagleg russeminar med folkehelseperspektiv i samarbeid med KoRus.
- Resultat frå delprosjektet Uteområde ved ny Ørsta vgs vart lagt fram for Formannskapet.

#### 7 Interkommunalt samarbeid om kommunal folkehelseoversikt

Vi tok initiativ til samarbeidet om utarbeiding av folkehelseoversikter. Seks kommunar på Søre Sunnmøre ville vere med. Prosjekteigar og vertskommune var Ørsta. Høgskulen i Volda var samarbeidspart i prosjektet, og vi fekk kr 200 000 i forskingsmidlar.

I forkant av prosjektet vart det gjennomført ei kartlegging av gjeldande folkehelseoversikt i Ørsta kommune. Føremålet var å få oversikt over bruken av oversikta blant kommunalt tilsette og politikarar, og innspel til forbetringar i samband med revisjonsarbeidet.

# Ålesund kommune

**Innbyggartal:**

47 000

**Folkehelsekoordinator i 100% stilling:**

Ingvill K. Aa. Holmen

**E-post**

ingvill.karin.aarskog.holmen@alesund.kommune.no

**Telefon:**

45418869



Emblemsanden Challenge 2019 (foto: Ingvill Holmen)

## 1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Borgund dyreklubb stod i fare for å bli nedlagt då Borgund menighet, som har drifta den i 40 år, ikkje kunne ta ansvar for drifta vidare. Kommunen blei utfordra på å ta over, og i samarbeid med menigheten og frivillige, har kommunen no eit prosjekt der ein prøver ut ulike aktivitetar på dyreklubben. Dette har vist seg å være ein stor suksess, der prosjektleiar Judith Damm i samarbeid med dagleg leder Rebekka Kolvik og andre, har lag til rette for aktivitetar for mange ulike grupper. Barnehagar, skular, tiltaksplassar for ungdomskule-elevar, språkpraksis for vaksenopplæringa, funksjonshemma, sfo, familieaktivitetar og arbeidstrening. Dette er et unikt tilbod som kombinerer kontakten med dyr, praktisk arbeid, det å være ute og sosial læring på ein svært god måte. Dette bidrar til at mange får ein god start til å komme seg vidare i livet.

## 2 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Ålesund kommune jobbar med reformen Leve hele livet. I den forbindelse ble det oppretta ei arbeidsgruppe som utarbeida ein samla oversikt over tiltak som finns i kommunen for å fremje ein aktiv, frisk og trygg alderdom. I juni vart det i samarbeid med eldrerådet gjennomført ein workshop med leve hele livet som tema. Arbeidet her vart oppsummert og må vidareførast i den nye storkommunen.

## 3 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det er ei utfordring i Ålesund kommune at mange barn vert køyrde til skulen om morgonen. Dette fører til utrygge forhold for dei som faktisk går og sykklar, og det resulterer i at endå fleire vert køyrde. I eit forsøk på å gjere noko med dette, vart skulane utfordra på å bli med på Miljøagentane sin gå til skulen aksjon. Det vart satt opp premiar for klassane som deltok. Ein del skular vart med på dette, men det viste seg at der utfordringane er størst (med over 200 bilar kvar morgon) var det lite oppslutnad om aksjonen. I tillegg var det skular som melde frå om at dei ikkje ville være med på aksjonen, då dei meiner at skulevegen for borna er alt for utrygg. Det vil være viktig å jobbe aktivt med å endre dette, og finne dei verkemidla som skal til for å lukkast.

## 4 Inkludering og deltaking i kultur og frivillig organisasjon

Kirkens bymisjon starta opp utlånssentralen Skattkammeret og har etablert seg i egne lokale sentralt i Spjelkavik. Skattkammeret har er dyktige til å opprette samarbeid med ulike aktørar, og det har resultert i mange flotte tiltak som er med på å gje alle moglegheit til låne utstyr til å delta i eit



stort spekter aktivitetar. Eit av dei første arrangementa var Embemsanden Challenge 2019, som vart arrangert i samband med friluftslivets veke. Her stilte Skattkammeret, Røde kors Spjelkavik si ungdomsgruppe, Ålesund bibliotek, mange frivillige og folkehelsekoordinator i kommunen opp med friluftssaktivitetar og masse spennande utstyr som alle frammøtte kunne prøve gratis. Eit flott og svært godt motteke arrangement.

## 5 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Ålesund kommune deltok i løpet av 2018 i eit samarbeidsfora i regi av KS og i lag med 7 andre kommunar om utarbeiding av oppdatert folkehelseoversikt. Resultatet frå dette arbeidet var lagt fram i eit møte der ulike representantar som utgjorde eit "tverrsnitt" av kommunen deltok. Det var både politikarar, råd og utval, frivillige organisasjonar og vanlege innbyggjarar som var inviterte. I møtet vart deltakarane utfordra på å gjere ei prioritering av kva folkehelseutfordringar dei meinte var viktig at kommunen tek tak i. Ei oppsummering av dette vart vidare sendt inn som ei politisk sak til bystyret og alle råd og utval. Dette arbeidet må vidareførast i den nye kommunen, og det må organiserast gode arenaer for samhandling i folkehelsearbeidet.



Prioriteringsmøte i Bystyresalen om folkehelseutfordringar 9.januar 2019.  
( Foto: Ingvill Holmen)

## 6 Gode initiativ som fremjar helse og livsglede

Det er mange gode tiltak og initiativ i Ålesund kommune. Eitt av dei er 999-prosjektet ved Blindheim ungdomsskule som vart gjennomført våren 2019 for fyrste gong, på initiativ av rektor ved skulen. Prosjektet tar 8. og 9. klassingane vekk frå klasserommet og ut i det fri. I løpet av 9 skuledagar, 9 aktivitetar og 9 grupper, skal elevane prøve seg på bygging av klopper til fjells, matlaging i det fri, kajakkpadling, maling, søppelplukking, fiske og meir. Gjennom dette prosjektet får elevane bidra positivt til lokalmiljøet og lære i det fri. Prosjektet samarbeider med lokale aktørar som Sunnmøre friluftsråd, Skjærgårdstenesta og Spjelkavik Rotary Club.

Ålesund kommune søkte våren 2019 om å delta i det landsomfattande prosjektet Folkehelseprogrammet. Kommunen fekk innvilga midlar til eit 5-årig prosjekt frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Ålesund kommune har dei siste tre åra hatt eit prosjekt gåande med psykisk helse i ungdomsskulen. Det er dei erfaringane og kompetansen frå dette prosjektet, som vi no byggjer vidare på og vidareutviklar. I det nye prosjektet "Livet og sånn", vil ein i samarbeid med skulane, helsesjukepleiarane og andre, jobbe med å lage tiltak i skulen som fremjar god psykisk helse for elevane. Dette vert integrert som ein del av fagfornyinga i Ålesundskulen.





## Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune | Julsundvegen 9, 6412 Molde  
Telefon 71 25 80 00 | E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) | [mrfylke.no](http://mrfylke.no)